

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 15/11980-1

Val av nye medlemmer til styret for Opplæringsfartøy AS

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

Hovudutvalet for opplæring peikar ut følgjande to kandidatar til styret i Opplæringsfartøy AS for perioden 2016-2019:

1

2

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I perioden 2014 til 2016 har styret i Opplæringsfartøy AS vore sett saman av:

Frode Kupaen (styreleiar) (valt for 2 år i 2014, utpeikt av fylkeskommunen)

Kari Morvik (valt for 2 år i 2014, utpeikt av fylkeskommunen)

Geir Magne Røys (valt for 2 år i 2015, utpeikt av Sogn og Fjordane Fiskarlag og Sogn og Fjordane Rederiforening).

Styret har ikkje valde vara.

Valperioden for styret er to år etter aksjelova sine reglar i § 6-6. Praxis i fylkeskommunen ved utpeiking av kandidatar til ulike styre, har likevel vore slik at valperioden for kandidatar som vert utpeika av fylkeskommunale politiske organ er samanfallande med den fylkeskommunale valperioden (fire år).

Hovudutvalet må difor peike ut to kandidatar for perioden 2016-2019, som grunnlag for valet av styre på den ordinære generalforsamlinga i Opplæringsfartøy AS i 2016.

2. Vurderingar og konsekvensar

Delegeringsreglementet

I delegeringsreglementet punkt 4.1 heiter det:

«Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte m.v. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l. er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg høyrer under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.»

Opplæringsfartøy AS har som føremål å eige og drive fiskefartøy på ideell basis etter aksjelova § 2-2 (2), hovudsakleg ved å stille fartøyet til disposisjon for Måløy vidaregåande skule til bruk i opplæring. Selskapet høyrer såleis naturleg under hovudutvalet for opplæring.

Eigarmelding 2015

Fylkesdirektøren syner til Eigarmelding 2015, punkt 2.5, om utpeiking av styrerepresentantar.

Kravet om kjønnsbalanse inneber at i styre med tre medlemmer skal begge kjønn vere representert. Hovudutvalet bør difor fremje ein kandidat av kvart kjønn.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å peike ut to kandidatar til styret i Opplæringsfartøy AS for perioden 2016-2019.